

Ta vare på
abonnements-
nummeret ditt!

**Onsdag
7. januar**

**kan du som
er abonnent ta
i bruk den nye
e-Avis-appen**

Meir informasjon
kjem...

OFP
eAvis

Som abonnent på Os og Fusaposten vil du ha tilgang på Os og Fusaposten si e-Avis frå vår app. Du kan lasta han ned gratis frå Apple App Store eller Google play.



Er du **IKKJE ABONNENT?**

Ta kontakt, så kan du òg få lesa e-avisa i tillegg til papiravisa frå årsskiftet.

OS & FUSA POSTEN

Tlf. 56 30 29 50

E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

– Ei fantastisk dame

Erna Gorm-Hansen har pensjonert seg frå jobben sin hjå Meny i Industrivegen. For kort tid sidan fekk ho gullklokke for lang og tru teneste.

Gorm-Hansen starta karrieren hjå Bjarne Drageset på Osøyro. I 1989 byrja ho å arbeida i Industrivegen, i Drageset-butikken der.

– Erna har vore i den same verksemda heile livet. Først hjå Bjarne Drageset, deretter hjå Drageset spar, Super spar, Aka og Meny, fortel kjøpmann Jahn Ingolf Lyssand, som har arbeidd med Gorm-Hansen i 20 år.

Gorm-Hansen har gjort førefal- lande butikkarbeid, sete i kassa, vaska, og vore ein stor ressurs for verksemda, ifølgje Lyssand.

– Erna er alltid smilande og blid overfor kundar og tilsette. Sjølv om ho har hatt sine utfordringar når det gjeld helse, har ho aldri klagt, men i staden vore flink til å tilpassa seg, noko arbeidsgjevarer hennar har sett stor pris på. Erna er allereie sakna, seier Lyssand.



Kjøpmann Jahn Ingolf Lyssand er stolt og kry over å kunna overrekke gullklokka til kollega Erna Gorm-Hansen. (Foto: Privat)

C.K.

Trenaren har stor tru på Sverre



Til helga kjem ein ny runde i verds cupen for Sverre Lunde Pedersen (22). Etter 10. plass i Obhiro, siger i Seoul og 2. plass i Berlin, ligg osingen to poeng framfor nederlandske Kjeld Nuis.

Dei gode resultatata gjer at landslagstrenar Sondre Skarli

Etter at halvparten av årets 1.500 m i verds cupen er unnagjort har osingen Sverre Lunde Pedersen flest poeng.

har tru på at leiinga kan halda heilt inn.

– Det er fullt mogleg for Sverre å vera på toppen av den lista når sesongen er over. Det bør vera målet, når ein først er i den posisjonen, seier han til BA.

Lunde Pedersen har denne sesongen vore meir stabil enn tidlegare. Det er grunnen til at landslagssjefen ser så optimistisk på sjansane til osingen vidare i verds cupen.

Det står att tre rundar av verds cup programmet.

B.S.O.

Startar orienteringsklubb

For første gong på svært lenge får Os eit idrettslag med orientering på programmet. Torsdag vart nemleg Os Orienteringsklubb stifta.

I Os ungdomsskule si kantine torsdag kveld var lokalpressa invitert til stiftelses- og informasjonsmøte for å høyra om planane til Os Orienteringsklubb.

«Os og Fusaposten» hadde div- verre ikkje anledning til å stilla, og har ikkje lukkast å få dagleg leiar Geir Rognsvåg i tale på telefon fredag.

Ut ifrå tilsendte dokument om programmet, kan ein slå fast at rekruttering, mosjon og toppidrett er dei tre store satsingsområda til klubben.

No skal klubben senda søknad om medlemskap til Noregs Idrettsforbund, registrera seg i Brønnøysund og oppretta medlemsregister, før dei er i gong med å verva medlemmer.

«Os og Fusaposten» kjem tilbake med meir ved eit seinare høve.

B.S.O.

Moms-julegåve til idrettslaga

I veke 52 kan idrettslag i heile Noreg venta seg ei «julegåve» frå Noregs Idrettsforbund. Då kjem kompensasjonen for vare- og tenestemomsen for 2014 inn på konto.

Den nette sum av kr. 28.395.007 vert fordelt på 384 idrettslag i Hordaland. Her er idrettslaga frå Os og Fusa:

Os:
Bjørnefjorden Golfklubb – 275.549
CK Henie – 13.147

Hegglandsdalen IL – 6.240
Lysefjorden Ride og Kjøreklubb – 11.596

Lysekloster IL – 149.411
Moldegaard Ryttersportsklubb – 24.183
Nore Neset IL – 59.223
Os Aero Kubb – 44.324
Os MC og MX Klubb – 14.394
Os Roklubb – 23.776
Os Seilforening – 27.289
Os Svømmeklubb – 12.026
Os Tae Kwon-Do Klubb – 13.192
Os Turnforening – 277.514
Søfteland TIL – 116.814

Søre Neset IL – 40.873
Øyglimt – 12.328

Fusa:
Eikelandsfjorden Idrettslag – 25.089
Fusa Hestesportlag – 17.006
Fusa Karateklubb – 22.174
Fusa Sykkelklubb – 5.715
Hålandsdal IL – 45.896
Strandvik IL – 24.684
Venjar IL – 8.326
Ådlandsfjorden IL – 5.497